

Mannen som gjekk på Skorve og leita etter hesten sin.

(Tusse garden til Skåne Bringsås)

Det var **ein mann som gjekk på Skorve og leita etter hesten sin**. Han gjekk og gjekk, såg og såg, -men ingen hest. Det kom **tåke** og han såg ingenting. Men **plutselig kom han inn på en grønn voll**. Det synast han var rart for han var vel kjent på Skorve og hadde aldri sett anna enn myrer og steinrøyser der.

Då han kom lengre fram såg han **ein gard!**

På tunet sat ein gamal mann på kne og hogg ved. Han gjekk bort til han og helsa og spurte om han hadde sett hesten hans. Spør far min, han sit inni grua.

Mannen gjekk inn og såg ein gamal kall sitte framom grua og steike fisk på ein pinne. Hovudet slang og hendene skalv. Mannen helsa og spurte om han hadde sett hesten hans. Spør far min, han heng i hønnet på veggen.

Mannen snudde seg mot veggen og fekk sjå eit stort hønne med ein mann oppi. Han var så gamal at han ikkje kunne gå og ikkje kunne han sjå heller. ”Å stakkars deg”, sa mannen i hønnet, ”du leitar etter hesten din, vi måtte ta å sette den inn fordi den gjekk i åkeren kons, men han har ikkje naua noko.

Men hårr er du ifrå då?” spurte han.

”Frå Seljord” svara mannen. ”**Er seljordingane like sterke som dei var i gamle dagar?** Kom hit med handa di så eg fær prøve om det er marg i fingrane dine,”sa gammelen. Men han som sat framme i grua advara og sa at dersom han ville ha heile hender var det best å la vere. ”Gje han heller den jernstanga som står der”, sa han. Og det gjorde mannen. **Da klemte gammelen så hardt i stanga at vatnet taut ut av jernstanga**. ”Hm”, sa gammelen, ”det er ikkje anna enn sauemjølke i fingrane på Seljordingane nå mot det var før i gamle dagar”.

Har du ikkje høyrte om meg? Eg er Skåne. Det var eg som bygde kyrkja for Heilag Olav. Eg budde i Bringsås då. Men når bjølla kom på kyrkja, då laut eg taka ut. Det var ikkje verande då.

Mannen overnatta på garden og fekk både mat og drikke. Om kvelden sat han og prata med dei gamle tussane. **Dagen etter dro han av garde. Men tussane advarte mannen. Han måtte ikkje sjå seg attende, men skunde seg den same vegen som han kom**. Hesten hadde blitt så feit og at han skein på lang avstand. Han leide hesten nedover tunet. ”Takk for lånet”, sa tussen. ”Sjåv takk”, sa mannen og sette seg på hesten. Då han skulle sjå seg om, såg han ikkje anna enn Hestmann-nuten, og grå og svart var den, som han alltid hadde vore.

Seljordsoga, etter Landstad, Mytiske sagn.

